



Bergen kommune
Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700
5020 Bergen

31.5.2021

Fråsegn til forslag til arealstrategi for Dokken, saksnummer 202008744

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) meiner at det er positivt at Dokken-området blir opna opp, og at fleire, ulike funksjonar blir samla her. Det er svært bra at det blir lagt til rette for at fleire kan bu og arbeida i sentrum, og at ein minimal bilbruk er lagt inn som føresetnad for prosjektet. Dette vil bidra til å hindra uynskt byspreiing og nedbygging av natur. NVH er òg glade for at strandlinja vert tilgjengeleg, og at det vert lagt til rette for fritidsaktivitetar knytt til sjøen. Vi vil også skryta av fokuset på gjenbruk, og for at bydelen skal leggast til rette for fleirbruk og sambruk for dei som skal bu der.

Vi har desse kommentarane og innspela:

1. Landskap og ekspansjon i sjø

Prosjektet kan føra til omfattende utfylling av massar i sjøen, og fjerna noko av dagens vassflate. Sjølv om vi i prinsippet er skeptiske til slike inngrep, meiner vi at ein, under strenge krav, kan gjera unntak i denne saka. I dag er området eit grått næringsområde, bygd på fyllmassar. Nye Dokken kan gjera det mogeleg å trekka naturen inn i byen ved kanalar, hopar, strandpromenade, strand, parkar og hagar, kanskje laga små skjær for sjøfugl.

Ved etablering av Nye Dokken, bør ein forsøka å skapa strandlinjer og grøntområde som opnar for eit størst mogeleg mangfold av dyr og plantar. Her bør vera mogeleg å dyrka frukt, grønnsaker og bær, både på bakken og på hustak.

Langs ein del av sjøfronten – nærmere bestemt område 4 og 5 – bør det naturlege plante- og dyrelivet restaurerast, slik at det blir eit tilnærma naturleg økosystem, i staden for ein kunstig strandpromenade med steinfylling. Det aktuelle området er basert på utfylling av overkotsmassar, men på toppen av desse bør det byggjast opp ei naturleg strand.

Særskilt fordi livet ser ut til å vera på veg tilbake i Puddefjorden etter reinskinga og tildekkinga var fullført i 2018, er det viktig å vera varsam ved eventuelle nye utfyllingar. Massane som skal nyttast må vera reine og frie for plastrestar som til dømes sprenglunter. Ein må ta særskilt omsyn til kysttorsk og hummer, som er observert i Puddefjorden og Store Lungegårdsvann etter tildekkinga.

2. Stigande havnivå

Det er stor uvisse knytt til kor mykje issmeltinga på Grønland og Antarktis vil påverka havnivået. NVH tilrår sterkt å nytta føre-var-prinsippet når den stipulerte høgda for havnivået skal fastsettast.

3. Hamnebyen

Bergen har tradisjonelt vore ein hamneby. Ein del av det arealet som blir frigjort ved at godshamna blir flytta ut til Ågotnes, bør difor også i framtida vera knytt til visse hamnefunksjonar. Ein "Blå bybane" - eit nettverk av passasjerbåtruter - bør t.d. ha Dokken som ein sentral anløpsstad, der ein òg kan ha overgang til ei eventuell ny bybanelinje frå sentrum over Dokken mot Laksevåg. Bergen er alt i dag eit viktig turistmål. Ein del av Dokken-området bør derfor reserverast for båtbasert turisme, som Hurtigruta, sjølvsagt med anlegg for landstram til alle båtar.

4. Naturens hus på Dokken?

Kva kunne vel passa betre i den nye, grøne bydelen enn ein kreativ base for dei frivillige natur- og miljøorganisasjonane i Bergen og Vestland? Med eit eige lokale for den frivillige miljørørsla, der vi kan ha kontor, samlingsplassar, verkstadar og arrangement, kan vi garantera at vi vil vera med på å skapa liv i bydelen og legga til rette for gode debattar, frivillighet og praktisk miljøarbeid som reparasjon og fiksefestar. Vi trur eit «Naturens Hus» ville passa perfekt inn på nye Dokken, og vonar dette er eit forslag de vil vurdera.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet
Leiar

Oddvar Skre
Sakshandsamar